

Flom og Kanalstyret for Selsvollene

v/ Anders Formo

Sel, 05.12.2024


Sel Kommune

Innspel til Budsjett og Økonomiplan

I samband med høring som ligg ute på budsjett og økonomiplan for 2025-2028 ser vi at beredskap mot flom og flomsikringstiltak er trekt fram som eit område som skal styrkast i åra framover. På Selsvollane har vi fleire år nå fått føle utfordringane med meir vatn og store nedbørsmengder. Dei siste to åra har vore spesielt vanskelege. Nå i haust står store område att uhausta på vollane fordi det rett og slett ikkje er råd å koma utover jorda. Det er sett i gang eit prosjekt nå med bistand frå landbrukskontor og NLR med tanke på å få gjort noko med problema. Dette ved å senke kanalar og få avløp for vatnet. I neste omgang kan det bli snakk om grøfting for å kunne senke vassnivået slik at jorda blir drivbar att også i nedbørrike år. I dette arbeidet står landbrukskontoret i spissen for å prøve å skaffe midler frå ulike ordningar der det kan søkast til fellestiltak. I tillegg må nok grunneigarane koste ein god del sjøl skal vi komme i mål.

Gardbrukarane på Selsvollane har god erfaring med å stille opp til beredskapsdugnad når elva er nær ved å flomme inn på jorda. Både i 2018 og hausten i 2023 klarte vi å hindre store skader på flomverket ved å kjøre på masse når nivået på elva var kritisk på topp. I 2018 brukte vi private masser vi tilfeldigvis hadde tilgjengeleg, mens i 2023 brukte vi masser som Sel Kommune hjalp oss med å skaffe til veie. Det er svært viktig for oss å ha masser på lager til slik bruk i åra framover. Det må også nevnast at reglane for Naturskadefondet er temmeleg uforståelege slik mange har fått erfare etter haustflommen 2023. Flomvoller som er bygd opp mot vassdrag blir definert som sikringstiltak, og det blir ikkje erstatta frå Naturskadefondet. Det er derfor viktig at vi kan ha god beredskap sjøl i kritiske situasjonar både for å sikre avling og å unngå kostbare reparasjoner i etterkant. Erfaringsmessig er det heldigvis ikkje kvart år det er behov for sikringsmasser. Likevel ser vi at flommene kjem oftare enn før. Spørsmålet frå oss er om Sel Kommune kan bidra til å fylle opp beredskapslageret for masser på Selsvollane slik at det er mogleg for oss å gjera ein innsats ved ein kritisk situasjon. Vi har sendt brev om dette før, men vil ønske å stille spørsmål om dette på nytt i samband med budsjett og økonomiplan. Vi vil også minne om at grunneigarane alltid har hatt eit godt samarbeid med kommunen og NVE om sikring og vedlikehold av flomvernet på Sel. Når elva er nær toppen veit vi at det fleire stader i bygda, ikkje minst på Otta er ein vanskeleg situasjon, og at kommunen har meir enn nok å ta tak i der for å hindre og begrense skader. Vi er på ein måte innforstått med at vi må klare denne jobben på eige hand. Det viktige da er å ha masser i beredskap. Det er for seint den dagen elva når toppen. Vi imøteser dialog med kommunen om dette, og har håp om at det kan tas høgde for beredskapsmasser i budsjettet.

For Flom og Kanalstyret på Selsvollane



Anders Formo